

**Notat**Dato: 12.09.2018  
Arkivsak: 2018/962-12  
Saksbehandlar: maraskv

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Fylkeskommunale løyvingar til elitekorps 2016-2018**

I saksprotokoll frå møtet 19.06.18 i Utval for kultur, idrett og regional utvikling sette medlem Sara Hamre Sekkingstad (Sp) fram spørsmål om i kva grad eiga tilskotsordning for elitekorps førte til at dei fekk mindre del i andre tilskotsordningar, og bad om eit oversyn over tildelingar til elitekorps for dei siste åra.

Administrasjonen svarte med å koma attende med slikt oversyn.

I tråd med vedteke handlingsprogram i Regional kulturplan 2015-2025 hadde fylkesrådmannen ein gjennomgang i 2015 av fleire av tilskotsordningane på kulturfeltet. Målet var å tilpasse dei nye ordningane betre til kulturlivet sine aktuelle behov og til satsing i samsvar med kulturplanen, jf. omleggingar som vart vedteke i fylkestinget 09.12.15 (PS 95/15). I tråd med dette vart det vedteke nye retningslinjer og kriteria for tilskotsordningane under posten Stønad etter vedtak. Fylkesrådmannen har difor valt å sjå på søknadar frå elitekorps, både tildelingar og avslag, frå året 2016. Dette fordi dei reviderte tilskotsordningane under posten Stønad etter vedtak har vore gjeldande frå dette året.

**2016:**

Søklar	Tilskotsordning	Tildeling / Avslag
Eikanger-Bjørsvik musikklag	Prosjekttilskot: Kultur - amatør, vår 2016	12 000
Eikanger-Bjørsvik musikklag	Prosjekttilskot: Kultur - amatør, haust 2016	Avslag

**2017:**

Søklar	Tilskotsordning	Tildeling / Avslag
Eikanger-Bjørsvik musikklag	Prosjekttilskot: Kultur - amatør, vår 2017	30 000
Eikanger-Bjørsvik musikklag	Prosjekttilskot: Kultur - amatør, haust 2017	11 000
Eikanger-Bjørsvik musikklag	Prosjekttilskot: Større kulturiltak, haust 2017	Avslag
Strusshamn musikkforening	Prosjekttilskot: Kultur - amatør, vår 2017	Avslag
Manger musikklag	Prosjekttilskot: Kultur - amatør, vår 2017	22 000

Eikanger-Bjørsvik musikklag fekk dette året i tillegg ei særskilt løyving frå Fylkesutvalet på 50 000 kroner som gåve for at musikklaget vart europameister i 2017.

**2018:**

<b>Søkjær</b>	<b>Ordning</b>	<b>Tildeling / Avslag</b>
Dragefjellets musikkorps Bergen	Prosjekttilskot: Kultur - amatør, vår 2018	Avslag
Eikanger-Bjørsvik musikklag	Prosjekttilskot: Kultur - amatør, vår 2018	Avslag
Eikanger-Bjørsvik musikklag	Prosjekttilskot: Større kulturiltak	Avslag
Eikanger-Bjørsvik musikklag	Tilskot til elitekorps	59 672
Bjørsvik brass	Tilskot til elitekorps	51 517
Dragefjellets musikkorps Bergen	Tilskot til elitekorps	47 664
Manger musikklag	Tilskot til elitekorps	39 672
Strusshamn musikkforening	Tilskot til elitekorps	67 418
Tertnes brass	Tilskot til elitekorps	39 057

Oversyn over tildelingar 2016, 2017 og 2018:

	<b>Søkjær</b>	<b>Tildeling 2016</b>	<b>Tildeling 2017</b>	<b>Tildeling 2018</b>
1	BJØRSVIK BRASS	0	0	51 517
2	DRAGEFJELLETS MUSIKKORPS BERGEN	0	0	47 664
3	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	12 000	41 000	59 672
4	MANGER MUSIKKLAG	0	22 000	39 672
5	STRUSSHAMN MUSIKKFORENING	0	0	67 418
6	TERTNES BRASS	0	0	39 057
	<b>SUM</b>	<b>12 000</b>	<b>63 000</b>	<b>300 000</b>